

# Retningslinjer for gjennomføring og vurdering av praktisk privatisteksamen

## HUD3004 vg3 hudpleiar

### Førebuingdag

**Førebuingstid:** 24 til 27 timar

**Tillatne hjelpemiddel:** Alle

**Trekke behandling:** Kandidaten skal trekke mellom behandlingane som er lista opp under. Elevane har resten av førebuingdagen til disposisjon. Det er ikkje lov til å øve på behandlinga i klinikken denne dagen.

**Desse behandlingane kan trekkast:**

- Epilasjon
- Depilasjon
- Andletsbehandling med spesialbehandling
- Kroppsbehandling med spesialbehandling
- Kroppsmassasje
- Manikyr med lakk og spesialbehandlingar
- Pedikyr

### Eksamensdag: Praktisk/skriftleg eksamen

Del 1. Individuell tverrfagleg praktisk prøve i klinikken med kunde

Det er berre dei to sensorane som skal vere til stades i eksamenslokalet saman med kandidatane.

**Tillatne hjelpemiddel:** Ingen

**Tidsbruk:** tid til praktisk prøve er ca. 2 timar, avhengig av kva behandling som blir utført. Kandidaten får kandidatnummer før den praktiske delen av eksamen startar.

**Gjennomføring:** Kandidaten skal bruke kandidatnummeret på kundekortet. Kunden sitt namn skal ikkje skrivast på kundekortet. Sensor fordeler kundane på privatistane før eksamen startar.

Sensuren startar når kunden kjem

Behandlinga skal førebuast, gjennomførast og avsluttast. Kandidatane skal rydde etter seg.

Behandlinga skal utførast etter prosedyrar som er gitte i følge læreplan, lærebok, produktmanualar og opplæring.

Sensor kan stille spørsmål undervegs.

Kunden sitt journalkort skal skrivast ferdig før kandidaten forlèt klinikken og skal takast med til skriftleg del. Kandidatane skiftar ikkje klede mellom praktisk og skriftleg del. Dei går rett til skriverom.

Del 2. Individuell tverrfagleg skriftleg oppgåve

**Tidsbruk:** 1 time

**Tillatne hjelpemiddel:** Kunden sitt journalkort, læreplan vg3 hudpleie

**Oppgåve:** Gjere greie for og grunngje viktige val du har gjort i behandlinga. Til dette brukar du analysen og konsultasjonen og relevant teori får helsefremjande arbeid, yrkesutøving og eventuelt kommunikasjon og samhandling.

# Vurderingskriterium og sensorrettlegg

## Praktisk del

### Sensor vurderer

- Ferdig oppdekking
- Mottaking
- Personleg hygiene og klinikkhygiene i samband med behandlinga
- Korleis kandidaten kommuniserer og rettleiar kunden undervegs i behandlinga
- Bruka av apparat og produkt
- Om behandlinga står i forhold til kunden sine behov og ønske
- Disponering av tid
- Heilskapsinntrykk

Behandlinga skal utførast etter prosedyrar som er gitte i følgje læreplan, lærebok og opplæring.

### Det blir særleg lagt vekt på

- Ferdigheiter i grunnleggande behandling
- At kunden får best mogleg behandling i forhold til behov om ønske

## Skriftleg del

Eksamenssvaret skal vise at eleven ser heilskap i yrket ho utdannar seg til. Derfor skal vala som blir gjort i løpet av behandlinga grunngjevast med teori frå alle studieretningsfaga:

- Yrkesutøving: mål som passar til behandlinga
- Helsefremjande arbeid: mål som passar til behandlinga
- Kommunikasjon og samhandling: mål som passar til behandlinga

### Det blir særleg lagt vekt på

- Grunngjeving av viktige val under behandlinga
- Evne til å bruke teori
- Om praktisk og teoretisk del stemmer overeins

Eksamenskarakteren blir fastsett på individuelt grunnlag og gir uttrykk for kompetansen til privatisten slik han kjem fram på eksamen, jf. §3-25 i forskrift til opplæringslova.